



Isdalstø Auto Eiendom AS  
Postboks 153  
5903 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/18 - 18/12491

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

18.04.2018

## Etterlyser årsrapport for oljeutskiljar - gbnr 188/414 - Gjervik Ytre - Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 188/414 med adresse Kvassnesvegen 31. Frist for innsending av årsrapport var 01.02.2018.

Som abonnent på avløpstenester i Lindås kommune er det Isdalstø Auto Eiendom AS som har hovudansvar for at det vert sendt inn dokumentasjon på utskiljaranlegg ved gbnr 188/414. Dokumentasjonen skal vise at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp. Isdalstø Eiendom AS har som grunneigar også juridisk ansvar for anlegg som er knytt på kommunalt leidningsnett.

Teknisk drift ber Isdalstø Auto Eiendom AS om å sende inn årsrapport av anlegg for 2017. Årsrapporten skal ha følgjande dokumentasjon:

- Utfylt skjema - årsrapport 2017
- Dokumentasjon på at det utført **minst 1 tømning** av anlegg i 2017
- Kopi av **minst 1 prøveanalyse av utsleppsvatn** (utført av godkjent laboratorie)
- Drift og vedlikehaldsrapport for anlegg.

Frist for innsending av årsrapport 2017 vert sett til: **onsdag 2 mai 2018**

Lindås kommune skal føre kontroll over alle anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt leidningsnett. Det er viktig at kommunen får god kontroll over anlegg slik at ein unngår utslepp av olje på leidningsnett, pumpestasjoner og til reinseanlegg. Olje som vert ført ut på kommunalt anlegg påfører kommunen aukte drifts- og vedlikehalds kostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn via kommunale gebyr eller ved å fakturere den ansvarlege for utsleppet.

Det er for 2018 sendt inn dokumentasjon på at anlegg er kontrollert 27.02.2018. Tømmeroperatør har notert at det ikkje er olje i anlegg. Slik vi oppfatter rapporteringa, er anlegg ikkje tømt. Det same gjeld for årsrapport 2016 (her er det meldt inn at sandfang er tømt og at det ikkje er registrert olje i oljeutskiljaren). Det ligg ikkje føre rapport for 2017. Vi gjer merksam på at det er krav om årleg tømning av anlegg som er

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



knytt på kommunalt leidningsnett. For Dykkar verksemd er det sett krav om minst 1 tømning per år. Dette er uavhenging av megde utskilt olje i anlegg.

**Førehandsvarsele om tilsyn:**

I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Kvassnesvegen 31. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Teknisk drift ber om at kommunen sine skjema vert nytta ved rapportering av anlegg.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Isdalstø Auto Eiendom AS

Postboks 153

5903

ISDALSTØ